

Treng bøsseberarar til TV aksjonen sundag 20. oktober.

18.10.2019



TV aksjonen si innsamling går til CARE sitt arbeid for kvinner i fattige land.

Rodeleiar i Uskedalen, Helene Huse Bjørebøle, treng påmelding frå fleire bøsseberarar om ein skal makta i dekka heile bygda ved innsamlinga på sundag. I verste fall er det område i Uskedalen som ikkje får besøk. Det er enno tid for å melda seg til Helene på mobil: 971 56 309

Det er fjerde året Helene Huse Bjørebøle er rodeleiar i Uskedalen. Så langt har ho 7 bøsseberarar. Talet bør vera 15 personar. Bygda er delt inn i 10 ruter. På dei plassane ein brukar bil, kan det vera mest effektivt med to, ein sjåfør og ein som spring på dørene.

Innsamlinga i år går til organisasjonen CARE sitt arbeid for kvinner og deira rett til å bestemma over sin eigen kropp og for å sikra alle arbeid. CARE vil med sitt arbeid skapa varige endringar og yta livsviktig naudhjelp ved katastrofer i fattige land. Å sikra alle røysterett er også ein del av CARE sitt arbeid.

Innsamlinga er frå kl. 15.30. Basen i Uskedalen er i inngangspartiet på skulen. Det er også høve til å gje pengar ved overføring i bank eller ved bruk av VIPPS. Meir informasjon finn du på nettet: TV aksjonen 2019.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Pressefoto